

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Trond Roy Pedersen
Arkivsaksnr.: 18/1743 - 4

Arkiv: 145

Planlagt behandling:

Hovudutval for skule og barnehage

ØKONOMIPLAN 2019 - 2022 - PRIORITERINGAR OG UTFORDRINGAR I TENESTEOMRÅDE BARN OG UNGE

Bakgrunn for saka:

I rådmannen sitt budsjetttrundskriv blir det lagt opp til at hovudutvala behandlar innspel til Handlings- og økonomiplanen 2019 – 2022 på første møtet etter ferien. Hovudutval for helse og velferd behandla tilsvarende sak før ferien. Det blir her lagt opp til same leist for denne behandlinga som for Hovudutval for helse og velferd.

Rapporten Ressursanalyse for etat for skule og barnehage (Devold-rapporten) blei levert kommunen før ferien i samsvar med avtalen. Hovudutfordringane i denne rapporten blir tatt med under dei ulike seksjonane i denne saka, men rapporten vil bli behandla på neste møte i utvalet.

Barnehage

Devoldrapporten viser til at Klepp bruker meir midlar på barnehage enn kommunegruppe 7.

Årsakene til høgare kostnadsnivå er:

- Talet på og storleiken på barnehagar
- Talet på tilsette og løns- og utdanningsnivå
- Sjukefråvær

Som det går fram av Devoldrapporten er kommunen i gang med å vurdere endring i barnehagebruksplanen samt å gjennomgå desse tiltaka:

- Planlegga og bygga nye og større barnehagar
- Gjennomgå driftsutgiftene
- Fokus på korttidsfråværet
- Vurdere kvaliteten i barnehagane ut frå kommunebarometeret

Det var gjennomgang av personalnorma for barnehagane i førre barnehageår. Frå barnehagestart august 2018 er personalnorma i samsvar med sentral vedtatt norm. Det medfører då ingen ekstrakostnader, slik fleire kommunar får som følgje av den nye norma.

Klepp si satsing på fleire pedagogar og satsing på tilsette med fagbrev medfører høgare kostnader.

I planperioden vil implementering av den nye kvalitetsplanen ha hovudfokus i forhold til barna si utvikling og læring.

Kostratal for barnehage:	Klepp 2015	Klepp 2016	Klepp 2017	Kostra Gr. 7	Time	Hå
Del tilsette med barnehageutdanning	31,1	34,4	33,9	33,9	32,4	32,1
Del tilsette med bhg. utd. kommunale	32,8	34	34,7	-	35,1	33,2
Del tilsette med bhg. utd. private	27,5	35,3	32,4	-	29,5	27,5
Del barn 1-5 år med barnehageplass	92,8	92,8	92,1	91,6	89,5	83,5

Del minoritetsspr. barn i barneh. i forhold til innvandrarbarn 1-5 år	73,2	77,7	78,2	76,3	74,9	72,5
Korr. brutto driftsutgifter i kr pr. barn i komm. bhg.	161554	175928	184161	184716	194280	173996
Korr. brutto driftsutgifter i kr pr. barn i komm. bhg. per korr. opph.time (kr)	54	58	61	60	64	60

Oppfølging:

- Devoldrapporten blir følgt opp på neste møte i Hovudutval for skule og barnehage.
- Barnehagebruksplanen blir behandla i haust. I framlegga der blir det tatt høgde for forslaget om å redusera talet på barnehagar.
- Det er sett i gang prosjekt for å redusera korttidssjukefråværet i barnehagane.

Oppvekst

Barnevernet deltok i effektiviseringsnettverk i regi av KS. Analysen viste at barnevernet i Klepp har lågare ressursinnsats i forhold til kommunar det er relevant å samanlikna seg med.

Kostratal for barnevern:	Klepp 2015	Klepp 2016	Klepp 2017	Kostra Gr. 7	Time	Hå
Del av undersøkingar i barnevern med behandlingstid over tre månadar	24%	15%	18 %	10 %	4 %	7 %
Stillingar med fagutdanning i barnevern per 1000 barn 0-17år	2,3	2,5	3,3	4,1	3,4	3,4
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling	18,5 %	27,6 %	28,6%	29,4 %	31,8 %	22,1 %
Del av barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar0-17 år	3,7 %	3,9%	3,6%	5,1%	4,2 %	5,2 %
Andel barn med meldingar 0-5 år	3,8%	4,3%	3,2%	-	4,3 %	3,6 %

I budsjettet for 2018 blei det omdisponert 2 årsverk frå pleie og omsorgstenesta til barnevernet. Målet er at barnevernet skal arbeida meir førebyggjande og oppdaga barn og familiar med vanskar tidlegare. Det er eit hovudmål i reformen med nytt Tenesteområde barn og unge og eigen seksjon Oppvekst, at dette skal skje i eit samarbeid med helsestasjon, PPT, barnehage og skule.

Helsestasjonen

Statlege midlar dei siste åra har styrka helsetenesta på skulane. Framleis er det behov for å utvida helsetenesta på skulane.

Kostratal for helsestasjon:	Klepp 2015	Klepp 2016	Klepp 2017	Kostra Gr. 7	Time	Hå
Årsverk av helsesøstre Pr. 10 000 innbyggjarar 0- 5 år	53,8%	58,2%	60,6%	80,6%	81,1%	54,5%
Nettodriftsutgifter til førebygging helsestasjon og skulehelsetj.pr. innbyggjarar 0- 5 år	5 876	7 072	8 007	9 176	9 376	6 157

Barselomsorg

I nasjonal fagleg retningsline for barselomsorga er det eit mål at denne omsorga blir tatt hand om i kommunane i større grad. Barselkvinner kan dra heim tidleg etter fødselen om dei ønsker det. Kommunane må då ha eit tilbod om oppfølging for mor og barn. Det går føre seg eit arbeid mellom Helse Stavanger og kommunane for å vurdera ansvarsfordeling og samhandling.

Det er vist i sak 26/17 i Hovudutval for helse og velferd at Klepp har jordmorressursar til å følga opp heimebesøk hos alle førstegongsfødande som har hatt svangerskapsoppfølging i Klepp, og kvinner som har hatt spesielt krevjande fødslar. Viss det blir sett ny standard som går på at kvinner kan dra heim etter fødsel før det har gått 48 timar, vil det krevja fleire jordmorstillingar. Det bør då vurderast interkommunalt samarbeid.

PPT

Fylkesmannen bad Klepp i samband med tilsyn i 2017 å vurdera kapasiteten på PPT. Tilbakemeldingar frå leiar har vore at PPT har vanskar med å dekkja behovet for oppfølging i barnehagar og skular.

Oppfølging av spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning og rettleiing for barn med spesielle behov og ulike lærevanskar i skulane bør styrkast. I samsvar med vedtaket i Økonomiplanen for 2018, blei Fagteamet for barnehagane styrka med ei stilling. Med utgangspunkt i kommunestyret sitt vedtak om omlegging av organiseringa av spesialundervisninga, bør direkte rettleiing til avdelingane aukast med 1 stilling spesialpedagog. Plassering må vurderast i samband med saka om organisering av spesialundervisning.

Ungdomsoppfølging

Klepp har fram til august 2018 hatt 40 % stilling som ungdomskoordinator. Oppgåvene som har vore tillagt denne stillinga, har i første rekke vore oppfølging av ungdommar som har utført ulike former for kriminalitet og som har fått oppfølging på kontrakt som straff.

Kommunen har etter søknad fått tildelt prosjektmidlar til 60 % stilling. Dette har gjort det mogleg å utvida til full stilling. Desse prosjektmidlane er tildelt kommunen for 3 år. Oppgåvene som er tillagt stillinga, er sentrale i arbeidet kring ungdommar som treng ulike former for oppfølging for å fullføra både grunn- og vidaregåande opplæring. Tverrfagleg samarbeid og rett innsats er viktige rettesnorar for arbeidet som vert gjort.

SLT-arbeidet i Klepp har i 2018 valt å fokusera spesielt på kriminalitet og rus og psykisk helse blant barn og unge. Arbeidet har bestått i å kartlegga dei unge sine ønsker og behov, samt å koordinera og samkøyra arbeidet som allereie vert gjort..

I planperioden vil implementering av den nye oppvekstplanen ha hovudfokus i forhold til helsefremmande arbeid, førebygging og tverrfagleg arbeid i heile tenesteområdet.

Oppfølging

- PPT vil ha behov for styrking for å koma i mål med arbeidet med å snu arbeidsmåttane til å driva meir direkte rettleiing.
- Det må vurderast i 2019 om barnevernet må styrkast ytterlegare.
- Helsestasjonen si bemanning må vurderast i samband med statlege styrkingar.
- Det vil bli lagt fram eiga sak om framtidig barselomsorg når utgreiinga er klar.
- Stilling som ungdomskoordinator bør vurderast omgjort til fast stilling når prosjektperioden med ekstern finansiering avsluttast i 2021.

Skule

Devoldrapporten konkluderer på same måten som kommunestyret med at kommunen må leggja om tenesta PPT gir til barnehage og skule. Det er eit klart mål at ressursane skal bli betre nytta ved tilpassa opplæring og intensiv undervisning.

Frå 1.8. er det endring i Opplæringslova § 1.4. § 1-4. *Tidleg innsats på 1. til 4. trinn*
«På 1. til 4. årstrinn skal skulen sørga for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning.»

Devoldrapporten peikar på Klepp kommune sine ekstra utgifter som følgje av at Opplæringslova gir foreldre rett til å oppretta eigen klasse når ein for 10 elevar vel anna målform enn den vedtekte for skulen. Staten kompenserer noko gjennom skjønnsmidlar. Men desse midlane dekker langt ifrå dei kostnadene denne retten medfører. Saka vil bli tatt opp i samband med behandlinga av Devoldrapporten.

Devold bygger opp om det som allereie er vedtatt når det gjeld effektivisering av skulane, jfr nedlegging av Horpestad skule og Vasshus skule, og bygging av ny barneskule. Innsparinga er rekna til ca 8 mill årleg.

I den nye norma for lærardekning gjeldande frå 1.8.2018 løyver staten midlar i forhold til nåverande dekning etter Grunnskulestatistikken. Det betyr at kommunar som ikkje har satsa på god lærardekning, vil få desse midlane. For Klepp blir beløpet ubetydeleg.

Kostratal for grunnskule:	Klepp 2015	Klepp 2016	Klepp 2017	Kostra Gr. 7	Time	Hå
Lærartettleik ordinær undervisning, 1.-10. tr. (elev pr. lærar)	15	14,3	14,8	-	17,7	15,2
Lærartettleik, inkl. spes.ped og særsk.norsk 1.-10. trinn	12,7	12,2	12,5	14,2	14,2	12,8
Lærartettleik, inkl. spes.ped og særsk.norsk 1.-4. trinn	12,9	12,6	11,7	13,6	13,9	12,8
Lærartettleik, inkl. spes.ped og særsk.norsk 5.-7. trinn	13,3	12,9	12,4	13,7	13,4	13,6
Lærartettleik, inkl. spes.ped og særsk.norsk 8.-10. trinn	12,0	11,3	13,7	15,5	15,5	11,7
Korr. brutto driftsutg. skulesektor (202,215,222,223), pr. elev	110055	113420	117358	118255	108690	117693

Alle elevar og tilsette har fått læringsbrett. Det har vore ei god implementering på skulane. Dei tilsette melder om at motivasjonen for læring er betre, og ein ser at elevar som har slite med skrivevanskar og spesielle behov, lykkast betre. Det ligg inne midlar til nødvendig oppdatering av utstyr i gjeldande økonomiplan.

Lesetrøkk-prosjektet gjeld alle barnehagane og skulane. Prosessen har skapt ei viktig bevisstgjerung for dei tilsette. Det er nå også etablert ei gruppe av foreldre både frå barnehage og skule som er med og gir innspel i forhold til korleis alle foreldre kan få tips til motivasjon og oppfølging av ungane i heimen. Denne hausten vil samarbeidet med biblioteket bli styrka. Og det er etablert eit samarbeid med Gjesdal kommune for å læra av deira lesesatsing.

Ny læreplan og fagfornyung

Arbeidet med å fornya læreplanen er i gang. Målet med dette er å styrka utviklinga av eleven si djupnelæring og forståing. Verdigrunnlaget skal løftast fram i læreplanane, og elevane skal blant anna jobba tverrfagleg med demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring.

Læreplanane skal bli meir relevante for framtida. Faga skal få meir relevant innhald, tydelege prioriteringar og samanheng mellom faga skal bli betre. Kritisk tenking og refleksjon vil bli ein viktig del av kva elevane skal læra i skulen.

Det er ein prosess i Jærskulen og Kleppskulen for å ta del i planarbeidet. Nye læreplanar vil vera klare for elevane hausten 2020.

Lokalitetar

Klepp har hatt ei sterk satsing på utbygging og rehabilitering på skular dei siste åra. I planen nå ligg desse prosjekta:

- Ny ungdomsskule i Vardheia – blir ferdigstilt til skulestart i 2021.
- Ny barneskule mellom BMX-banen og Kleppelunden 2021/22
- Rehabilitering av Bore skule med utviding av fleire klasserom og felles aula, kantine og idrettshall med Klepp ungdomsskule. Skuledelen vil stå ferdig til skulestart i 2019, idrettshallen har blitt noko utsett på grunn av klagebehandling. Fylkesmannen har nå godkjent at arbeidet blir sett i gang.
- Aula, kantine og språkstasjon Kleppe skule. Planarbeidet er i gang. Forventa ferdigstilt i 2020.
- For å leggja til rette uteområda til barnehagane og skulane med leikeapparat, sandkassar og liknande har investeringsposten blir auka frå 1 til 2 mill årleg. Kostnadene for tiltaka er veldig høge. Til dømes kostar tiltaka på Kleppe skule etter godkjent plan kr 1,3 mill. Tu barnehage blei rehabilitert i fjor med leikar, sandkassar og underlag for k 700 000. Det fortel noko om kor langt midlane strekk til.

Oppfølging

- Gjennomføra ny organisering av spesialundervisninga med utgangspunkt i kommunestyre sitt vedtak av 29.4. sak 26/18.
- Gjennomgå og følga opp tilrådingar i Devoldrapporten.
- Førebu ny læreplan.
- Gjennomføring av byggetiltaka.

Kulturskulen

Med tilførte midlar i økonomiplanen og god planlegging av tiltaka har kulturskulen fått halvert ventelista. Det vil bli vurdert om kulturskulen kan driva med meir gruppeopplæring for at fleire skal få plass. Hovudsatsinga er kvalitet i opplæringa og å framleis vera ein god kulturinstitusjon i kommunen ved å gje framføringar og utstillingar.

Vaksenopplæring

Det blei i 2017 brukt kr 232000 på synspedagog og logoped til vaksne elevar som kjem under opplæringslova § 4. Undervisninga er blitt gitt ved Bryne kompetansesenter og Logopedklinikken i Stavanger. Det vil vera ei utfordring vidare å få stabilt tilbod til vaksne som treng grunnleggande opplæring av synspedagog og logoped. Løysing blir vurdert saman med Jærkommunane.

All opplæring til flyktingar og grunnskuleelevar for vaksne blir gitt på Bryne språkstasjon.

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. For tenesteområdet barn og unge vil Ressursanalysen (Devoldrapporten) bli lagt til grunn for utviklinga av effektiviseringstiltak i økonomiplanperioden.
2. Tiltak som bygger opp om tidleg innsats og førebygging vil bli prioritert i økonomiplanbehandlinga – jfr framlegga til oppfølging i saka.

Rådmannen i Klepp 21.08.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.